



Vilkår og retningslinjer for kommunalt tilskott til landbruksføremål

Vedtekne i Vang kommunestyre 12.12.24, sak KS-107/24 Satsane gjeld frå 1.1.2025

Generelt:

Kommunalt tilskot til landbruksføremål kan gjevast til gardsbruk/føretak som driv aktivt jordbruk med husdyrproduksjon og som tilfredsstilla krava til å søke produksjonstillegg i jordbruket i Vang kommune. Dette gjeld ikkje ordningane for gjerdemateriell og tilskott til lag og organisasjonar innan landbruket i Vang.

- Søknaden skal sendast til landbrukskontoret **før** tiltaket vert sett i gang.
- Søknad skal innehalde kostnadsoverslag, prosjektbeskrivelse, teikningar og dei vedlegg som vert krevd.
- Er tiltaket sett i gang før søknaden er behandla og godkjent i kommunen, blir tilskottet redusert med 50%.
- Tilskottet blir utbetalt på grunnlag av godkjent sluttregnskap av autorisert rekneskapsfører. Er rekneskapen høgare enn kostnadsoverslaget vert tilskottet utbetalt etter kostnadsoverslaget. Er sluttregnskapet lågare enn kostnadsoverslaget vert tilskottet redusert tilsvarande etter tildelt prosentsetsen i ordninga.
- Søkjer kan be om delutbetaling ut frå prosentvis utført arbeid og rekneskap
- Alle tiltak skal ferdiggodkjennast av kommunen før tilskottet blir utbetalt
- Søknader om kommunalt tilskot til landbruksføremål vert å behandla administrativt etter fullmakt. Dersom det er tvil om eit tiltak vil stimulera til næringsutvikling i kommunen, vert det å behandla som eiga sak og lagd fram for politisk behandling.
- Arbeidsfristen er 3 år frå tilsagnet om tilskott er gjeve.
- Dersom tiltak det er gjeve tilskot til vert avvikla før det har gått 5 år etter at tilskot er utbetalt, kan tilskotet betalast attende etter fylgjande avtrapping:
 - avvikla før 1 år har gått heile tilskotet
 - avvikla før 2 år har gått 80 % av tilskotet
 - avvikla før 3 år har gått 60 % av tilskotet
 - avvikla før 4 år har gått 40 % av tilskotet
 - avvikla før 5 år har gått 20 % av tilskotet
 - avvikla etter at 5 år har gått inga attendebetaling

Søknadsfrist er 1. februar og 1.juni.

Alle kommunale tilskot vert gjeve med atterhald av budsjetterte midlar i kommunen.

Følgjande ordningar vil bli fyrst prioritert: Tradisjonelle driftsbygningar, kjøp av mjølkekvoter, nydyrking, virtuell gjerde (eks Nofance og Monil) og El. Forsyning og vassforsyning på støl.

Ordningar:

Tradisjonelle driftsbygningar

Tilskot kan gjevast til:

- nybygg/ombygging av husdyrrom herunder utskifting av innreiing i fjøs for å tilfredsstilla nye forskrifter og krav frå styresmakter eller etter pålegg frå Mattilsynet/veterinær
- lagerrom for avling (eks plansilo)
- pålagde miljøtiltak t.d. tetting av gjødselkjellar og bygging av gjødselsilo

Det kan ikkje gjevast tilskot til tiltak som er å sjå på som vanleg vedlikehald t.d. reparasjon av eksisterande innreiing, skifting av tak og vindaug.

Tilskott til tradisjonelle driftsbygningar blir behandla etter dei vilkår og retningsliner frå Innovasjon Norge.

- Tiltak under kr 1 500000: Inntil 40% av godkjent kostnadsoverslag, maks kr 250 000 pr driftseining
- Tiltak over kr 1 500000: Inntil 40% av godkjent kostnadsoverslag, maks. kr 500.000,- pr. driftseining.
- For samdrifter er maksimalt tilskot kr 200.000,- pr. aktivt medlem.

Vedlegg til søknad: Byggjeløyve, kostnadsoverslag, teikningar og tilsagn frå Innovasjon Norge om det er søkt.

Tilskott til reiskapshus:

Tilskott: Inntil 20% av godkjent kostnadsoverslag, maks. kr 250.000,- pr. driftseining.

Vedlegg til søknad: Teikningar, situasjonskart, byggeløyve og kostnadsoverslag.

El.forsyning på støl med mjølkeproduksjon:

Tilskot kan gjevast til tradisjonell el.forsyning eller el.aggregat. For el.aggregat vert det kravd tilstrekkeleg støyskjerming.

Tilskott: inntil 20 % av godkjent kostnadsoverslag, maksimalt kr 30.000,- pr driftseining.

Vedlegg til søknad: kostnadsoverslag , uttale frå meieri/ysteri om mjølkelevering eller lokalforedling frå stølen. Gjeld same vilkår som tilskott til Regionale miljøtilskot i jordbruket (RMP).- tilskot til drift av seter.

Vassforsyning på stølar med mjølkeproduksjon:

Tilskott: inntil 20 % av godkjent kostnadsoverslag maksimalt kr 30.000,- pr. driftseining.

Vedlegg til søknad: kostnadsoverslag, vassanalyse Uttale frå meieri/ysteri om mjølkelevering eller lokalforedling frå stølen. Gjeld same vilkår som tilskott til Regionale miljøtilskot i jordbruket (RMP).- tilskot til drift av seter.

Kjøp av mjølkekvote:

Tilskott: inntil 60 % av kjøpesummen, maksimalt kr 5,00 pr. liter . Maksimalt tilskot kr 250.000,- pr. driftseining pr år.

Tilskotet vert utbetalt på grunnlag av kopi av stempla kvittering eller kontoutskrift. Dersom det er motteke kommunalt tilskot til kjøp av mjølkekvote, og deler eller heile totalkvota vert seld eller leigd bort innan 5 år, skal heile eller deler av tilskotet betalast attende.

Nydyrking:

Det må søkjast om løyve på eige skjema. Løyve skal gjevast av kommunen for inntil 50 da. Over 50 da skal søknaden sendast til Innlandet fylkeskommune, kulturminneininga før oppstart av dyrkingsarbeidet.

Tilskott: inntil 40 % av godkjent kostnadsoverslag, maksimalt kr 5000,- pr. da.

Vedlegg til søknad: Kart over planlagd tiltak.

Virtuell gjerde: (eks Nofance/Monil)

Tilskott: inntil 50% av godkjende kostnad pr klave, maks. kr 1500 pr klave.

Vedlegg til søknad: kostnadsoverslag og ordrebekreftelse

(Søknader vil fyst bli behandla av den statlege ordningen «Tiltak i beiteområdet» til potten er tom før det blir gjeve kommunalt tilskott.)

Vatningsanlegg:

Tilskott: inntil 20% av godkjent kostnadsoverslag, maks kr 30 000 pr driftseining pr år.

Vedlegg: kostnadsoverslag og kart over tiltak.

Beiterydding:

Tilskot kan gjevast til rydding og inngjerding av gamal skogsmark som ikkje har vore rydda tidlegare og som ikkje kjem inn under reglane for statstilskot (SMIL-midlane).

Tilskott: inntil 30 % av godkjent kostnadsoverslag, maksimalt kr 2000,- pr da.

Vedlegg til søknad: Kart over tiltaket og kostnadsoverslag.

Gjerdemateriell for grunneigarar med landbrukseigedom:

Tilskott: inntil 20 % av godkjent kostnadsoverslag, maksimalt kr 30 000,- pr driftseining pr år.

- Gjerdemateriell som stolp og netting. Topptråd el toppbord. Ved gjerding med wire får ein for stolpen. Ordninga vil gjelde grunneigarar med landbrukseigedom.
- Permanente eller midlertidig gjerder slik som f.eks storfegrinder/lettgjerder. Ordninga gjeld aktive husdyrprodusentar som kan dokumentere skader på rundball forårsaka av hjortevilt.

Vedlegg: kostnadsoverslag og kartutsnitt

Til lag og organisasjonar tilknytta landbruk i Vang kommune:

Tilskott til kompetanseheving, beredskap og arrangement: inntil 50% av godkjent kostnadsoverslag maks kr 50 000.

Tilskottet vil ikkje gjelde til drift av lag og organisasjonar.

Vedlegg: kostnadsoverslag og prosjektbeskrivelse